



Arkivnr: 2017/2736-11

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		24.10.2017

Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen

Samandrag

Nordhordland Utviklingsselskap IKS har fått klage på avslag på søknad om tilskot frå Etablerarfondet for Bergensregionen. Avslaget er grunngjeve med at midlane i fondet er avgrensa, det er stor søknads mengd og ein er difor nøydd til å prioritere midlane strengt. Det er heller ikkje klart nok i søknaden at formålet er å etablere ein ny næringsverksemde som på sikt kan gi grunnlag for årsverk. Dei framtidige inntektene i prosjektet verkar også usikre, og grunnlaget for å etablere ei verksemde som kan gi grunnlag for å etablere arbeidsplassar er nokså usikkert. Klaga frå Pusterom Hordaland v/Theodor Halland vert difor fremja for klagenemnda.

Fylkesdirektør regional utvikling har behandla klaga og opprettheld Nordhordland Utviklingsselskap IKS sitt avslag på søknaden om støtte. Fylkesrådmannen har deretter vurdert klaga, og rår til at klage frå Pusterom Hordaland ikkje vert teken til følgje.

Forslag til vedtak

Klage frå Pusterom Hordaland på Nordhordland Utviklingsselskap IKS sitt vedtak om å avslå søknad om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.09.2017

Nordhordland Utviklingsselskap IKS gav Pusterom Hordaland avslag om støtte på kr 50 000,- frå Etablerarfondet for Bergensregionen 28. august 2017. I følgje søknaden var støtte tenkt nytt til etablering og utvikling av opplevingar til sjukehusbarn. Dette skulle finansierast med sponsorinntekter og gåver.

Pusterom Hordaland sendte 30. august 2017 klage på avslaget. I klaga vart det peika på at verksemda skal organiserast som foreining/stifting, og at det etter kvart skal tilsetjast to personar på heiltid som skal jobbe med sponsoring, seks personar som skal driva med telefonsal på deltid og åtte personar som på deltid skal gå frå dør til dør og samla inn pengar til formålet.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS oppretthaldt sitt vedtak med grunnlag i Hordaland fylkeskommune sine vilkår for å vurdera søknadene til etablerarfondet for Bergensregionen. I desse vilkåra står det blant anna følgjande:

«Målgruppe for dei regionale etablerarfonda er ny-etablerte verksemder som er etablert det året det vert søkt om midlar, eller prosjekt som vil føre til etablering av ei verksemd i etterkant av søknaden. Enkeltpersonforetak reknast også som verksemd i denne samanhengen.»

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vurderte det slik at støtte til foreiningar og stiftingar fall utanfor formålet med etablerarfondet. I tillegg er det ikkje i tråd med «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland*» å støtte verksemder som baserer alle inntektene sine på sponsoring og innsamla midlar.

Klaga vart oversendt frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Hordaland fylkeskommune 13. september 2017.

Generelle retningslinjer for klage

Klageinstansen kan prøva alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34 andre ledd, samt utøving av det frie forvaltingsskjønn. Tildeling av midlar under ordninga Etablerarfondet for Bergensregionen høyrer innunder forvaltinga sitt frie skjønn. Når det, som her, er tale om å tildela avgrensa midlar, må forvaltinga ha eit stort spelerom for skjønn ved valet mellom søkjrarar som oppfyller kriteriene for tildeling. Samt å kunna vurdera om dei fell utanom dei områder som skal prioriterast i høve til vurderinga av søknader.

Tildelingane må likevel skje innan rammene av eventuelle vedtekne retningsliner og målsetjingar. Tildelingane må heller ikkje komme i strid med ulovfesta skrankar for den frie skjønnsutøvinga, som bl.a. er vilkårlegheit, sterk urimelegheit og forskjellsbehandling.

Forvaltinga og verkekommunen skal vera i tråd med «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*». For regionale etablerarfond betyr dette at det kan gjevast tilskot til enkeltbedrifter og etablerarar. Midlane kan ikkje brukast til:

- Drift av næringsverksemd eller organisasjonar
- Kausjon eller annen økonomisk garanti
- Direkte eller indirekte investeringar i verksemder sin eigenkapital
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

I fylgje same forskrift er det paragraf 17, tredje ledd som regulerer klageadgangen på midlane som vert forvalta av Nordhordland Utviklingsselskap IKS, på vegne av Hordaland fylkeskommune. Der heiter det: «*Vedtak truffet av andre tilskuddsforvaltere kan påklages til den som har delegert tilskuddsforvaltningen til denne.*»

Etablerarfond for Bergensregionen – krav til søknader og prioriteringksriterier

I samanheng med tildelingsbrevet Nordhordland Utviklingsselskap IKS fekk frå Hordaland fylkeskommune då midlane til Etablerarfondet for Bergensregionen vart tildelt var det lagt ved eit eige skriv med krav til søknader og prioriteringksriterier. I desse kriteriene heiter det:

Søknad om tilskot frå dei regionale etablerarfonda for 2017 må sendast gjennom det nettbaserte søknadssystemet RF13.50 Eit generelt krav er at midlane skal nyttast i tråd med Regional plan for næringsutvikling 2013 til 2017 og prioriteringane i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Vidare må søknaden tilfredsstilla nokre krav kor dei viktigaste er:

1. Prosjekt eller tiltak som det vert søkt om midlar til må vere forankra i ein eller fleire av kommunane i den regionen det vert søkt om tilskot i. Prosjektet skal ha god kvalitet, søker skal ha god gjennomføringsevne og verksemda som vert etablert bør innehalda minst eitt årsverk.
2. Målgruppe for dei regionale etablerarfonda er ny-etablerte verksemder som er etablert det året det vert søkt om midlar, eller prosjekt som vil føre til etablering av ei verksemrd i etterkant av søknaden. Enkeltpersonforetak reknast også som verksemrd i denne samanhengen.
3. Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemrd som fell utanfor Innovasjon Noreg si ordning med «*etablerartilskot til gründerbedrifter med vekstambisjonar og ein forretningsidé som representerer noko vesentleg nytt i marknaden*»
4. Tilskotet vert gitt innanfor rammene av bagatellmessig støtte.
5. Tilskot frå etablerarfondet skal bidra til gjennomføring av naudsynte tiltak i tidleg oppstartsfasa, og gje gründaren kompetanse om marknad og økonomi. Aktuelle aktiviteter kan vera:
Kundeundersøkingar, brukarstudiar og anna kartlegging for å få meir brukarinnnsikt, testing og vidareutvikling av forretningsidé, kostnader knytt til nettverksbygging og styrking av kompetanse innan forretningsutvikling.

Forvaltninga og verkemiddelbruken skal vera i tråd med «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*». For regionale etablerarfond betyr dette at det kan gjevast tilskot til enkeltbedrifter og etablerarar. Midlane kan ikkje brukast til:

- a) Drift av næringsverksemrd eller organisasjoner
- b) Kausjon eller annen økonomisk garanti
- c) Direkte eller indirekte investeringar i verksemder sin eigenkapital
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

Fylkesdirektør regional utvikling si vurdering

Fylkesdirektør regional utvikling har vurdert klagesaka med utgangspunkt i «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*» og Etablerarfondet for Bergensregionen sine krav til søknader og prioriteringskriterier, som følgde med tildelingsbrevet datert 5. april 2017.

I avslagsbrevet frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS heiter det:

«*Summen som skal nytties til Etablererfond er begrenset. Vi har en stor søknadsmengde og er derfor nødt til å prioritere midlene strengt. Det er ikke klart nok i søknaden at hensikten er å etablere en ny næringsvirksomhet som på sikt kan gi grunnlag for årsverk. De framtidige inntektene i prosjektet virker også usikre og grunnlaget for å etablere en virksomhet som kan gi grunnlag for å etablere arbeidsplasser synes derfor ganske usikker.*»

I tillegg til det som står i avslagsbrevet 28.08.17 har Nordhordland Utviklingsselskap IKS ved 2.gangs handsaming vurdert om formålet med etableringstilskot gir grunnlag for å gi midlar til følgjande (sitat): «*Det startes opp som et enkeltmannsforetak, men planen er at det skal bli en forening eller stiftelse fra 01.01.18. Inntektene vil være sponsorinntekter – innsamlede midler - Om prosjektet er i tråd med Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland. Uti fra en total vurdering ser ikke vi at det er nok grunner til å gjøre om vårt vedtak fra 28.08.17. Vi sender derfor klagen til Hordaland Fylkeskommune for endelig avgjørelse.*»

Fylkesdirektør regional utvikling har med utgangspunkt i vilkåra som følgde med tildelingsbrevet funne å oppretthalda BRB sine avslagvedtak på søknaden frå Pusterom Hordaland om etablerarstøtte, og at klaga ikkje vert teken til følgje.

Fylkesrådmannen si vurdering

På grunnlag av opplysingane i saka, vurderer fylkesrådmannen det slik at tildelinga er føreteke i tråd med dei oppgitte retningslinene for krav og prioritering av søkerane. Skjønnsutøvinga ved prioriteringa mellom søkerane framstår som saklig og forsvarlig, utan å koma i strid med ulovfesta skrankar for skjønnsutøvinga. Fylkesrådmannen seier seg einig fylkesdirektøren si vurdering og rår på bakgrunn av dette til at klage frå Pusterom Hordaland over Hordaland Utviklingsselskap IKS sine vedtak om avslag på søknadene om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen ikkje vert teken til følgje.

Vedlegg:

1. Klage frå Pusterom Hordaland
3. Etablerarfondet for Bergensregionen – krav til søknader og prioriteringskriterier